15/90

09-March-2015

**DEN NORSKE KYRKJA**

**Osterfjorden sokneråd**
**Ørnnova 21**
**5993 Ostereidet**

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
9. 03. 2015
Ark. saksnr | Løpenr
Saksh. | Tilgangskode

**05.03.2015**

**Lindås kommune**
**Kultur og aktivitetseininga**
**5914 Isdalstø**

**VEDLEGG TIL SØKNAD OM KULTURMIDLAR**
**REF. NR. BA7RJ8**

Det er i dag sendt søknad elektronisk om kulturmidlar - aktivitets og prosjekttilskott til Osterfjorden Pensjonistlag

Søknaden er sendt frå Osterfjorden sokneråd ettersom dette er eit arbeid under soknerådet

Leiar i Pensjonistlaget er Arnfinn Hellevang
Kasserar er Atle Kirkevik

Kontonr. i søknaden er Pensjonistlaget sin konto. Økonomien er ein del av totaløkonomien til soknerådet.

Under medlemmer er det ført 0
Pensjonistlaget har ikkje medlemskontingent då dette er opne samlingar for denne aldersgruppa.
Det er difor heller ikkje registrert namn på medlemmer.

Legg ved: Årsmelding for Pensjonistlaget
Rekneskap attestert av kyrkjeverga ( delrekneskap frå Osterfjorden sokneråd sitt rekneskap)
Samandrag av rekneskapet utarbeidd av kasserar i laget.

Sonja B. Molvik

Sonja B. Molvik Ostereidet kyrkjekontor

Postadresse:
Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

E-post:
ostereidet@lindas.kyrkja.no

Telefon
56357230

# Årsmelding for Osterfjorden Pensjonistlag for 2014.

**Styre 2014:**
Liva Eide (leiar) Atle N Kirkevik (kasserar) Arnfinn Hellevang (skrivar) Gunnar Hosøy og Vendla Urdal (styremedlemer). Varaflolk: Kåre Eide, Randi Enger.
Kyrkja sin rep. i styret er Boris Kuprijanov.
Styret har hatt 9 møte i 2014.
Valkommite har vore: Arnfinn Hellevang, Eli Fjelde Vikan og Atle Kirkevik.

**Aktivitet i 2014.**
Laget har skipa til 8 pensjonisttreff i kyrkjekjellaren i 2014. Tema på desse treffa har vore kåseri/foredrag om ulike emne, som lokalhistorie, vitenskap, litteratur, og liknande. Mat og kaffi, song og musikk og loddsal har vore faste innslag, det same har ord for kvelden vore.
Frammøtet har vore jamnt bra, 30-40 pers. Laget skipa til vårfest 22.mai med rømmegraut, kaffi og kaker. Godt frammøte – 50-60 pers. møtte. Treffet i november baud på pinnekjøt, og vi hadde Frelsesarmeen med Ola Grytten i spissen med oss. Godt frammøte, omtrent som på vårfesten. Frelsesarmeen fekk heile inntekta av åresalet – 8000 kr!
Laget skipa til dagstur for pensjonistar 21. august. Turen gjekk til Askøy og Herdla, og vi hadde full buss. (48 delt.) Flott tur med ein glimrande omvisar! (E. Virkesdal)

**Tema vi har hatt framme på pensjonisttreffa.**
Havforsking (Kjell Nedreaas), Risor II, ein lyttestasjon i Austrheim under krigen. (Film) Orkenøyane (Leif R. Fiske) Prøysen-jubileet, songar og opplesing.(Kulturskuleelevar og Marte Hauge) Grunnlovejubileet. (Otto Dyrkolbotn) Petter Dass (Elsa Jordal) Hillesvåg Ullvarefabrikk (Øyvind Myhr) Frelsesarmeen (Ola Grytten).

**Saker styret har arbeidd med.**
Hovudaktiviten har vore å planleggja og gjennomføra pensjonisttreffa og dagsturen. Laget har vore med på TV-aksjonen 2014. Vi har også hatt ein medlem i festkommiteen til eldredagen i Lindås. (Vendla Urdal) Vendla har også representert laget i Lindås Eldreråd.

Ostereidet 28.jan. 2015

Arnf.Hellevang
-skrivar-
Arnf. Hellevang

# Driftsregnskap

## OSTERFJORDEN SOKNERÅD

2014



18.02.2015 13:44:09

Administrator

| | Hele 2014 | Hele 2013 |
|---|---|---|
| **Prosjekt 60-PENSJONISTLAGET** | | |
| **Salgsinntekter** | | |
| 16105 - Deltakaravgift | -74 960 | -63 583 |
| **Sum Salgsinntekter** | **-74 960** | -63 583 |
| **Overføringer med krav om motytelse** | | |
| 17290 - Refusjon Moms - Påløpt i driftsregnskap | -1 092 | -1 860 |
| 17700 - Refusjon frå andre | -744 | -800 |
| **Sum Overføringer med krav om motytelse** | **-1 836** | -2 660 |
| **Overføringer uten krav om motytelse** | | |
| 18300 - Tilskudd fra Kommunen / Komm.institusjoner | | -2 000 |
| **Sum Overføringer uten krav om motytelse** | | -2 000 |
| **Finansinntekter** | | |
| 19000 - Renteinntekter | -78 | -68 |
| **Sum Finansinntekter** | **-78** | -68 |
| **Finansieringstransaksjoner** | | |
| 19500 - Bruk av bundne fond | | -7 417 |
| **Sum Finansieringstransaksjoner** | | -7 417 |
| **Sum INNTEKTER** | **-76 874** | -75 728 |
| **Lønn** | | |
| 10500 - Honorar og løn | 300 | 2 800 |
| **Sum 10100 - 10899** | **300** | 2 800 |
| 11600 - Skyssutgifter | | 35 180 |
| **Sum 11600 - 11699** | | 35 180 |
| **Sum Lønn** | **300** | 37 980 |
| **Sosiale Utgifter** | | |
| **Sum Sosiale Utgifter** | | |
| **Kjøp av varer og tjenester kommunal tjeneste prod.** | | |
| **Sum 11000 - 11599** | 59 087 | 25 148 |
| **Sum 11700 - 12999** | 78 | 7 240 |
| **Sum Kjøp av varer og tjenester kommunal tje** | 59 165 | 32 388 |
| **Overføringer** | | |
| 14290 - Moms - Generell Kompensasjonsordnin | 1 092 | 1 860 |
| 14700 - Andre gåver/tilskot | 8 000 | 3 500 |
| **Sum Overføringer** | 9 092 | 5 360 |
| **Finansutgifter** | | |
| 15500 - Avsetninger til bundne fond (*) | 8 317 | |
| **Sum Finansutgifter** | 8 317 | |
| **Sum UTGIFTER** | 76 874 | 75 728 |
| **Sum RESULTAT** | | |

| | |
|---|---|
| Til disposisjon 01.01.2014 | 17089 |
| Overskot 2014 (*) | 8317 |
| **Til disposisjon 31.12.2014** | **25406** |

Isdalstø, den 18.feb. 2015

DEN NORSKE KYRKJA
Lindås kyrkjelege fellesråd
Lonsvegen
5914 Isdalstø

Osterfjorden Pensjonistlag. Regnskap for 2014.

Innteker.

| | | |
|---|---|---|
| Salg av mat,utloddning: | Kr.32559,- | |
| Innbetalt for busstur: | Kr.28200,- | |
| Påmelding til vårfest,adventstreff: | Kr.14200,- | |
| Lindårs Pensjonistlag: | Kr.744,- | |
| Bank renter: | Kr.39,- | Kr.75742,- |

Utgifter.

| | | |
|---|---|---|
| Kolinialvarer og tilbereing: | Kr.18360,- | |
| Gevinstar: | Kr.2605,- | |
| Blomar m/henting: | Kr.3048,- | |
| Honorar: | Kr.300,- | |
| Annonser: | Kr.4872,- | |
| Busstur.(scandia tours): | Kr.31020,- | |
| Gåver.(frelsesarmeen kr.8000 ,-) | Kr.8179,- | |
| Rekvisita: | Kr.249,- | |
| Anskaffelse: | Kr.589,- | |
| Bank gebyr: | Kr.30,- | Kr.60289,- |

+++

31.12.2014.På bank konto: Kr.21274,-

Atle N.Kirkevik.

(kass)